

# Ryvarden

TEMA: Bønder og busetnad ①37

KART: ④437



Ryvarden fyr ligg der den gamle 'Ryvarden' låg, grensevarden mellom Ryfylke og Hordaland heilt sidan vikingtida. Den gamle varden vart fjerna i 1861.

**I den islandske sogeboka Landnámabok vert det fortalt at oppdagaren FLOKE VILGJERDSSON bygde ein varde «π ar er mætist Hordaland ok Rogaland», og varden vart kalla Flokavarfi. Tormod Torfæus skriv i Historia Norvegica (1711) at dette namnet framleis var i bruk, men at bøndene nytta «Ryevarden» om same staden.**

**R**YVARDEN ligg på den gamle grensa mellom Rogaland og Hordaland, litt nord for grensa i dag. Det ligg nær å setja førsteleddet i samband med Ryfylke, der folkenamnet rygir (gno.), truleg av «rugdyrkarane», ligg til grunn. Men denne tolkinga er uviss. Namnet har òg vore sett i samband med nå «grenseline».

I 1849 bestemte fyrdirektoratet at det skulle byggjast eit fyr på Ryvarden. Fyret, ei lita tømra stove, 2,6 m i firkant, med fyrapparat i ei vegglykt, vart plassert tett ved den gamle varden. Her var det storslått utsyn utover Sletta og Bømlafjorden. Fyret skulle vera tent i tida for vårsildfisket, frå 21. desember til 1. mars, men det kom snart krav frå dei sjøfarande om lengre brennetid for fyret.

Alt frå 1852 vart perioden lengd til 9 1/2 månad, frå 15. juli til 1. mai.

Utover 1800-talet vart det gjort fleire utbetringar her ute. I 1861 vart det sett opp ein ny og større bygning. Den gamle varden vart fjerna, til stor indignasjon for fyrdirektør Diriks.

I 1935 vart det bygt eit 6 meter høgt tårn og installert tåkesignal på fyret. Den siste store moderniseringa kom i 1958. Det vart lagt fram elektrisitet og bygt nytt bustadhus. Ein fyrmeister og to fyrbetjentar budde og arbeidde her ute. Bustadhuset frå 1861 vart rive ned. Først på 70-talet kom det kjøreveg frå Mølstrevåg ut til fyret, men 14 år seinare, i 1984, måtte folk reisa frå Ryvarden. Då vart fyret automatisert. □

## RAMNAFLOKA

På garden STRAUMEN ved fylkesgrensa mot Rogaland, opphavleg husmannsplass under garden Vikse, står det ein bautastein nedanfor husa på br. nr. 1, om lag 1,30 m tjukk ved fotenden og 20-30 cm tjukk. Etter tradisjonen er bautasteinen reist av Ramnafloke, oppdagaren Floke Vilgjerdsson. Lansnámabok fortel at Ramnafloke oppdaga Island.

Truleg budde Floke inne i Viksefjorden. Då han etla seg vest over havet og hadde rodd skipa sine utanfor straumen, heldt han blot til Odin. Han tok med seg tre ramnar. Dei skulle syna han kvar landet låg, lik ramnane Hugin og Munin, som kvar morgon flaug verda rundt og frette nytt. På den staden der blotet vart halde, reiste Ramnafloke to bautasteinar. Berre den eine av desse står i dag.

## RØYSAR LANGS LEIA

Mange gravminne frå forhistorisk tid har samband med garden, med tun og innmark, åker og eng. Ofte ligg dei ved gammal åkermark. Vi må tru at somme røysar også hadde ein praktisk funksjon i tillegg til å gøyma den døde. Det var ein grei måte å verta kvitt rydningsstein frå marka.

Men det finst også ei anna gruppe forhistoriske gravminne med ei heilt anna utbreiing: Store steinrøysar som ligg i utmark, gjerne langt frå folk, utan påviseleg samband med tun og dyrka mark.

Vi finn dei både på kysten og innover i fjordane. På nes og holmar ligg dei, gjerne på knausar og høge berg ved sjøen. Vi kallar dei «kystrøysar». Folketradisjonen har ofte knytt nemninga «munke-røysar» til dei. Men med munkar har dei ingenting å gjera, for kystrøysane er mykje eldre enn kristendommen i vårt land.

Dei eldste kystrøysane vart bygde i eldre bronsealder; for mellom 3500 og 3000 år sidan. I somme er det gjort funn som kan daterast, men som oftast er berre tomme gravkista att. Resten, både leivningar av den døde og det han måtte ha fått med i grava, er vitra bort. Våtn og luft har hatt lett tilgjenge til gravkammeret mellom steinane i røysa.

Somme kystrøysar kan vera store og høge, 15-20 meter i tverrmål eller meir, og fleire meter høge. Vi kan undrast på kvifor folk valde slike avsides stader til gravplass, særleg når arbeidet med å byggja gravminnet fekk slike ringe praktisk nytte. For her vart ingen åkrar sådde.

Avsides låg dei – for den som hadde synsstaden sin frå tunet. Men for den som kom sjøvegen, låg røysane sentralt. På lange strekningar av Hordalandskysten finst det gravrøysar mest på annakvart nes. Dei ligg som reine seglingsmerke og markerer leia nordetter.

Vår dei av same folket, dei som bygde kystrøysane og dei som jorda sine døde ved åkerkanten? Vi veit ikkje og får kan henda aldri vita det. Dei held på løydomane sine, røysane langs leia.

